

SAK 2 FORSLAG TIL UTTALER

Fylkesstyret har motteke 10 forslag til uttaler.

Fylkesstyret tilrår at sju av forslaga blir handsama av fylkesårsmøtet.

Fylkesstyret si tilråding til fylkesårsmøtet:

Uttale nr	Forslagsstillar	Tittel	Fylkesstyret si tilråding
1	Haram SV og Tingvoll SV	Tiltak for å berge kysttorsken og fjordmiljøet må trappast kraftig opp	Til handsaming
2	Sula SV	Om asyl og innvandringspolitikk	Til handsaming
3	Volda SV	Lærarnorma må oppretthaldast	Til handsaming
4	Volda SV	Nei til oljeboring i matfatet til lundefuglane	Til handsaming
5	Ørsta SV	Kommuneopprør for betre kommuneøkonomi	Til handsaming
6	Ålesund SV	Stans nedskjæringane i psykisk helse og rus HMR	Til handsaming
7	Ålesund SV	SV vil sikre kultur i hele Møre og Romsdal	Til handsaming
8	Sula SV	Monarki vs Republikk	Ikkje handsaming på fylkesårsmøtet
9	Volda SV	Grøne kommunar for å stanse naturkrisa	Ikkje handsaming på fylkesårsmøtet. Oversendast programkomiteen
10	Anna Berget/ (Landbruksnettverket)	Er vi beredt for ei skikkelig krise?	Ikkje handsaming på fylkesårsmøtet. Oversendast programkomiteen

UTTALE NR 1

Forslag til uttale frå Haram SV og Tingvoll SV

Tiltak for å berge kysttorsken og fjordmiljøet må trappast kraftig opp

Møre og Romsdal SV ber om at arbeidet med å ta vare på kystøkologien vert løfta høgare opp på den nasjonale politiske dagsordenen.

Den dramatiske nedgangen i sjøfuglbestandane, kysttorskbestandane og Nordatlantisk anadrom laks er viktige indikatorar på at kystøkologien i Noreg er i alvorleg ubalanse. Havforskningsinstituttet melde i februar 2026 om at fiskebestandane i norske farvatn er halvert siste 10 åra.

Vi er i ferd med å nå eit vippepunkt der den negative utviklinga kan kome til å gå raskt og bli irreversibel om vi ikkje handlar. Det hastar det med å gjennomføre tiltak betre overvakinga da summen av dei menneskeskapte faktorane som påverkar fjordøkosystema og havet er med på å sette fjordøkologien i fare. Det trengst ei meir heilskapleg forvaltning og praktiske tiltak for å ta vare på kysttorsken og livet i fjordane våre langs heile kysten.

Fiskarane og lokalsamfunna langs kysten har lange tradisjonar med fiske og fangst. Nødvendige kutt i kvotar og strengare forvaltning av fritidsfiske vil få konsekvensar for folk sitt levebrød og viktige tradisjonar, men konsekvensane er mykje større om økosystem kollapsar og fisken blir borte. Lokalsamfunna må involverast i arbeidet med å ta vare på fjordane og kystøkologien. Det same gjeld oppdrettsnæringa.

Ved større kutt i fiskekvotar må fiskarane få økonomisk kompensasjon og/eller alternative inntektskjelder, til dømes arbeid med miljøovervaking og naturrestaurering. Ved å involvere lokale aktørar i forskings- og gjenoppbyggingsarbeidet kan vi bygge ein kultur for meir forsvarleg kunnskapsbasert forvaltning av livet i havet. Sumverknadane av menneskelege tiltak og føre var prinsippet må sterkare inn i arbeidet med kystsoneplaner og vedtaksprosessar i forvaltninga.

Om vi greier å gå frå kortsiktig mål om profitt til meir langsiktig forvaltning av fjordane på naturen sine premisser, vil vi kunne hauste enorme gevinstar i framtida. Det handlar om både næringsverksemd, kystkultur, sikker matforsyning og beredskap, samt biologisk mangfald med verdi langt utover nasjonale grenser.

SV vil arbeide for å:

- Fylgje opp Havforskningsinstituttet (HI) sine konkrete tilrådingar om styrka vern av gytefelt og vandringsruter for torsk og kysttorsk
- Betre overvaking, registrering og avgrensing av fritids- og turistfiske
- Styrke forskinga i lange tidsseriar knytt til økosystemovervaking i kystvatn
- Styrke samarbeidet mellom forskning, institusjonar, næringar og lokalsamfunn for god forankring av nødvendige tiltak

UTTALE NR 2

Forslag til uttale frå Sula SV

Stå opp for ein rettvís og solidarisk flyktningspolitikk

Ideen om at integreringa har feila, og at vi difor bør gjere ein allereie svært restriktiv flyktningspolitikk endå strengare, er feil. Mykje kan bli betre for å få til god integrering, med arbeid, bustad og språkopplæring. Det betyr ikkje at den norske integreringa har feila i stort. Tvert imot ser vi det som ein styrke at mangfaldet har auka og at folk med ulik bakgrunn bidreg i lokalsamfunna våre.

Vi har eit internasjonalt ansvar for folk på flukt. Vi har teke imot mange flyktingar frå Ukraina. Men også andre stader i verda, lever folk under umenneskelege forhold med krig og konflikt. Likevel er talet kvoteflyktingar Noreg tek imot på eit historisk botnnivå. I 2026 skal vi ta imot berre 100. Det er 4900 mindre enn det FN oppmodar oss om.

No tek fleire parti til orde for å etablere asylmottak i tredjeland, utanfor Europa. Men kva problem skal desse mottaka løyse? Vil det gjere at færre søker asyl i Noreg eller i Europa? Nei, forskning tyder ikkje på det. Vil det føre til fleire avslag? Neppe, for beskyttelsesbehovet er som regel høgst reelt. Vi meiner tiltaket berre vil skape nye problem, der rettstryggleiken for asylsøkjjarar vil stå uklar mellom fleire land sin jurisdiksjon. Enkeltmenneske sin juridiske rett til asyl må ivaretakast. Med erfaringane frå kyrkjeasylant Suel på minnet, meiner vi at rettstryggleiken kring asylintervju må styrkjast, ikkje svekkast.

Vidare føreslår regjeringa stønadskutt og strengare aktivitetsplikt for flyktingar i Noreg, med von om få fleire i arbeid. Vi i SV meiner det er feil medisin. Kutt i sosialstønad vil råke borna hardast. Mange innvandrarar blir diskriminerte på arbeidsmarknaden. I staden for å gi flyktingar utanfor arbeidslivet økonomisk straff, må vi setje inn tiltak for eit meir inkluderande arbeidsliv.

Asyl- og flyktningspolitikken må vere rettvís og kontrollert, solidarisk og human, i tråd med FN sine tilrådingar. Møre og Romsdal SV meiner difor at:

- Asylmottak i tredjeland vil ikkje løyse problem, men skape nye. Vi treng i staden individuell, rask og rettssikker handsaming av asylsøknadar i Noreg
- Noreg må ta imot fleire kvoteflyktingar. 100 er ikkje nok!
- I staden for stønadskutt for flyktingar, må vi inkludere fleire i arbeidslivet
- Vi må innføre ei amnestiordning for ureturnerbare, lengeverande flyktingar
- Vi treng betre tilsyn med tryggleiken i land som mottek tvangsreturar og såkalla frivillig assisterte returar frå Noreg

UTTALE NR 3

Forslag til uttale frå Volda SV

Lærarnorma må ikkje fjernast!

Kuttet i lærarnorma handlar om kor lavt me skal legge lista for borna våre.

I ei tid der skulefråvær og utanforskap blant unge aukar, foreslår kommunekommisjonen å kutte lærarnorma. Dette meiner me er ein svært dårleg idé, og ei oppskrift på meir utanforskap!

Høgt skulefråvær er eit samfunnsproblem som me må ta på høgste alvor! Det har vore stort fokus på å få fram tal på skulefråvær, også i grunnskulen. Sjølv om fråværstatistikk kan gje oss innsikt, vert tala likevel berre endå ein dokumentasjon på at me såg problemet – og let det halde fram, om det ikkje ligg politisk innsikt og vilje til å endre rammene bak. Kommunane har eit lovpålagt ansvar for å iverksette tiltak frå første fråværsdag. Då må det vere nok både menneskelege og økonomiske ressursar til at skulane og kommunane kan gjere dette på ein forsvarleg måte.

Hovudmålet med lærarnorma er å sikre alle elevar tilgang til kvalifiserte lærarar og redusere skilnadar i klasseromma ved å garantere eit minimumsnivå av kvalitet og ressursar over heile landet. Utan lærarnorma er alt opp til den einskilde kommune, og med dagens kommuneøkonomi tyder det større skilnadar mellom kommunar. At ikkje alle kommunar klarer å oppfylle norma er ikkje eit argument for å fjerne den.

Møre og Romsdal SV meiner at:

Løysingane krev meir enn gode intensjonar lokalt. Det krev styrka økonomiske overføringar til kommunane, slik at kommunane faktisk har råd til fleire vaksne, mindre grupper og stabile, trygge lag rundt elevane. Det krev også ei reell satsing på psykisk helse i skulen, ikkje prosjektmidlar men varige stillingar og lågterskeltilbod.

Dagens skule er i mange tilfelle for trong for dei mest sårbare. Born treng meistring for å lære og trivast. Det trengs ein skule som er meir inkluderande og fleksibel dersom ein skal få elevane tilbake i klasserommet. Tidleg innsats mot ufrivillig skulefråvær krev nok ressursar.

Nok utdanna lærarar og miljøretteleiarar i klasserommet er ein viktig føresetnad om vi skal kunne forebygge fråvær og utanforskap. Å fjerne lærarnorma er å gjere både elevar og tilsette i skulen til salderingspostar. Dette er heilt feil medisin, og slik feilmedisinering vil på sikt gje svært mange uheldige seinverknadar.

UTTALE NR 4

Forslag til uttale frå Volda SV

Nei til oljeboring i matfatet til lundefuglane!

Sjøfuglane, inkludert lundefuglane, er i sterk tilbakegang. Dette skuldast mellom anna matmangel og klimaendringar. Fleire fugle- og fiskeartar har tobis, eller sil, på menyen. Den er liten, men spelar ei viktig rolle i økosystemet.

Noreg har plikt til å ta vare på arten, men i dag er det ifølgje Havforskningsinstituttet kritisk lite sil i norsk sone i Nordsjøen. I 2025 var det fiskeforbod. Miljødirektoratet meiner det uråd å etablere oljeverksemd i silområda utan at det påverkar havbotnen og vassøyla, i tillegg til miljørisikoen ved uhell.

I fjor vedtok regjeringa ein handlingsplan for å berge sjøfuglane. I år deler dei ut 57 nye utvinningsløyve for olje og gass; 11 av dei i særleg verdfulle og sårbare område. To av dei ligg i leveområda til silen. Det viser at omsynet til oljeselskapa vert sett framfor omsynet til naturen.

Særleg verdfulle og sårbare område har vesentleg betydning for det biologiske mangfaldet og den biologiske produksjonen i havområdet, også utanfor områda sjølv. Miljøekspertar fråår oljeboring i desse områda på grunn av risiko for skade på korallrev, sjøfugl og nøkkelartar som sil.

Møre og Romsdal SV seier nei til oljeboring i matfatet til lundefuglen og andre sårbare artar. Sjøfuglane er under sterkt nok press allereie. No må Regjeringa ta Naturavtalen og Havavtalen på alvor, og verne verdfulle og sårbare område mot oljeboring.

UTTALE NR 5

Forslag til uttale frå Ørsta SV

Kommuneopprør for ein betre kommuneøkonomi

Kommunane er grunnmuren i velferdsstaten, og skal sikre trygg og likeverdig velferd. Men no er grunnmuren i ferd med å rase ut. Kommunane er kraftig underfinansierte. Auka lånegjeld, prisauke og statlege overføringar som ikkje står i stil med oppgåvene, har dei siste åra forverra situasjonen kraftig. No står kommunane i ein umogleg skvis, der kutt og nedskjeringar i den grunnleggjande velferda pressar seg fram. Det taper alle på.

Kommunane manglar økonomisk handlingsrom til å ivareta, omstille eller vidareutvikle tenestene. Lovpålagde oppgåver står uløyste. Når 80 % av kommunane er såkalla låginntektskommunar, og slit med store underskot og raude tal, er det ein systemfeil.

Det er i kommunane vi lever liva våre. Kommunane skal gi innbyggjarane grunnleggjande velferdstenester som barnehage, skule, helsetenester og eldreomsorg. Kommunane har også ansvar for beredskap, kultur og inkludering. Det er ikkje sløsing å finansiere desse tenestene ordentleg, slik at kommunane er i stand til å ha god grunnbemanning, arbeide med førebygging og gi helsehjelp til dei som treng det. Men når finansieringa manglar, blir det oppseiingar, nedskalering og kutt. Det gjer arbeidskvardagen endå tøffare for dei som blir att, med auka sjukefråver og svekt rekruttering som følgje.

Dårleg kommuneøkonomi skaper sosiale forskjellar mellom folk og undergrev tilliten til velferdsstaten. Det opnar for ei uheldig todeling og privatisering av velferda, der dei med råd kan betale seg til betre tenester. Skrapa kommunekasser trugar også lokaldemokratiet og skaper politkarforrakt når det lokale folkestyret blir redusert til å administrere urimelege kutt.

Gode velferdstenester verkar sosialt utjamnande. Det er svært god samfunnsøkonomi i ein sterkare kommuneøkonomi. Regjeringa må setje kommunane i stand til å utføre samfunnsoppdraget dei har i å gi innbyggjarane trygg og likeverdig offentleg velferd der dei bur.

Underfinansieringa av kommunane må ta slutt. Møre og Romsdal SV krev ein betre kommuneøkonomi!

UTTALE NR 6

Forslag til uttale frå Ålesund SV

Stans nedskjæringene i psykisk helse og rus i Helse Møre og Romsdal

Fylkesårsmøtet i Møre og Romsdal SV er sterkt bekymret over de pågående og varslede nedskjæringene innen psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling i Helse Møre og Romsdal. Disse kuttene rammer mennesker med store og sammensatte behov, og bidrar til økte forskjeller i helse og livskvalitet.

Psykisk helse og rus er områder som allerede er underfinansiert og presset. Nedbygging av behandlingstilbud, reduksjon i bemanning og lengre ventetider svekker pasientsikkerheten og overfører belastningen til kommunene, pårørende og andre deler av velferdstjenestene. Dette er i strid med SVs mål om et sterkt, offentlig helsevesen med likeverdige tjenester i hele landet.

Fylkesårsmøtet mener at økonomiske utfordringer i helseforetakene ikke kan løses gjennom kutt i psykisk helse og rus. Tvert imot må disse tjenestene styrkes. Staten må ta et større ansvar for finansieringen av spesialisthelsetjenesten, slik at faglige vurderinger og pasientenes behov legges til grunn, ikke kortsiktige økonomiske hensyn.

UTTALE NR 7

Forslag til uttale frå Ålesund SV

SV vil sikre kultur for hele Møre og Romsdal

Kultur er ikke en luksus – det er en rettighet. Når midlene til Den kulturelle spaserstokken fjernes og regionale kulturfond halveres, rammes både eldre og lokalsamfunn. SV vil sikre at alle i Møre og Romsdal får tilgang til kunst og kultur, uansett alder og bosted.

Kultur er en skapende kraft som binder oss sammen, uavhengig av bakgrunn og økonomi. SV ønsker et kulturliv med bredde og kvalitet i hele fylket.

Den kulturelle spaserstokken gir eldre profesjonelle kulturtilbud der de bor. Ordningen skaper glede, motvirker isolasjon og gir lokale møteplasser. Det politiske flertallet fjernet midlene i budsjettet for 2026. SV vil gjeninnføre og styrke ordningen.

Regionale kulturfond er avgjørende for et mangfoldig kulturliv. Fondet gir støtte til lokale prosjekter, samarbeid og nyskaping. Arbeiderpartiet halverte midlene, i strid med lovnader om økning. SV vil jobbe for å øke fondet i statsbudsjettet.

Hvorfor er dette viktig? Kultur skaper fellesskap, likestilling og lokal identitet. Det gir aktivitet i distriktene og muligheter for både frivillige og profesjonelle aktører.

SVs mål er klart: Vi vil styrke Den kulturelle spaserstokken og øke regionale kulturfond, slik at alle i Møre og Romsdal får tilgang til kunst og kultur av høy kvalitet.

Kultur er limet som holder samfunnet sammen. Når vi kutter i kulturtilbud, kutter vi i livskvalitet, fellesskap og identitet. SV vil kjempe for at Møre og Romsdal skal være et fylke der alle – unge som gamle – får oppleve kunst og kultur. Vi oppfordrer alle som bryr seg om et levende lokalsamfunn til å støtte denne satsingen. Sammen kan vi sikre at kultur ikke blir et privilegium, men en rettighet for alle.

UTTALE NR 8

Forslag til uttale frå Sula SV

Monarki vs republikk

Det er ikkje av ny dato at SV har fremja framlegg i Stortinget og stemt for avvikling av monarkiet i Noreg. Slik verdssituasjonen er no, er det kanskje på tide å tenke seg om ein gong til om vi verkeleg vil dette.

Det er klart at ideologisk er det problematisk at makt er arveleg. Vi har alle eit ønske om at folket skal ha makt gjennom demokratiske verkemiddel. Men dersom vi ser på verdssituasjonen slik den er, og korleis den har vorte slik, ser vi at det vi kallar demokrati, har vorte kraftig utfordra dei seinare åra. Det som har påverka demokratiet negativt, er både det som gøymer seg bak omgrepet populisme, og det er pengemakt.

Det mest populistiske partiet i Noreg er også det største i fylgje meiningsmålingane. Og pengemakta hadde stor innverknad på siste Stortingsvalet. Kapitalkreftene sørga for at parti som låg ned mot sperregrensa skaffa seg stemmer i ein freistnad på å skaffe borgarleg fleirtal på Stortinget.

Monarkiet har svært avgrensa direkte makt, men det har til denne tid sytt for å samle det norske folket. Monarkiet har nesten 80% oppslutnad i folket, og kongen har stått for og fremja verdiar som vi kan samle oss om, mest utan omsyn til partipolitisk tilknyting. Derfor bør SV våge å ta ein open diskusjon om monarki vs republikk. I den diskusjonen bør ein våge å gå utanom ideologien og tenkje litt pragmatisk. Kva er det vi har, og kva risikerer vi å få dersom vi innfører republikk?

Kan populisme og kapitalkrefter få enno større makt? Og kan folket verte meir splitta i viktige verdispørsmål?

Dette er meint som ei oppmoding til å diskutere monarki versus republikk utan å vere altfor knytt til ideologi. Det vi har er ei styreform som mest 80 % av folket i Noreg slutter opp om. Ei styreform som gir monarken svært lite direkte politisk makt, men som formidlar nokre verdiar som betyr noko for folk.

Det er ei styreform som i svært liten grad vert påverka av framande krefter som kapital eller ekstreme politiske haldningar.

Vi er vitne til eit USA der det har gått verkeleg gale. Der har svære kapitalkrefter og ekstreme politiske haldningar hatt altfor stor påverknad. Vi ser at der er politiske krefter i Noreg som ser opp til USA, td. Partiet Konservativt og FrP.

Vil ikkje val av ein president føre til at vi får ein president med maksimalt 30% oppslutning, og kanskje like mange som er definitivt imot. Med andre ord ei splitting av folket som vi ikkje treng.

UTTALE NR 9

Forslag til uttale frå Volda SV

SV vil ha grønne kommunar for å stanse naturkrisa

Kommunane har gjennom arealplanlegginga ei nøkkelrolle i forvaltning av norsk natur. SV lanserer derfor «grønne kommunar» som ei viktig sak i kommune-og fylkesvalkampen 2027 for å stanse naturkrisa. Også fylkeskommunane har viktige oppgaver med å samordne innsatsen, sørge for heilskaplege løysingar og ikkje «bit for bit»-nedbygging, og å gje kommunane naudsynte reiskapar og fagleg støtte.

Naturkrisa er ikkje ei krise som kanskje rammar oss ein gong i framtida, eller ei krise som handlar om alle andre land enn Noreg. Tvert imot. Naturkrisa er, saman med klimakrisa, ei krise som rammar oss her og no. NRK-serien *Oppsynsmannen* og rapporten «*Norge i rødt, hvitt og grått*» var ein vekkar. Oppfølgaren «*Europa fra grønt til grått*» viste at det vert bygd ned 1,5 milliardar m² natur og matjord kvart år i Europa. Og - Noreg er det landet som bygger ned mest i forhold til folketalet! Oppdatert raudliste frå Artsdatabanken viser at 44 % av dei 876 naturtypene som var vurdert, står på lista. Nedbygginga av natur og matjord må stanse. Det har vi også forplikta oss til gjennom Naturavtalen. Vi treng naturen for matproduksjon, som grunnlag for næringsliv og turisme og kjelde til helse og trivsel.

SV vil innføre krav om arealrekneskap nasjonalt, fylkesvis og for den enkelte kommune, og vi vil ha rask kartlegging av «grå areal». På den måten kan vi styre utbygging til allereie omdisponerte område og til dei minst verdfulle naturområda. Dette vil kreve samarbeid på tvers av kommunegrensene, og SV vil vere ein pådrivar og tilretteleggar for det. I tillegg må vi rydde opp i «gamle synder» og restaurere øydelagd og forringa natur. På denne måten kan vi nærme oss visjonen om arealnøytralitet.

Naturavtalen føreset at vi vernar 30% av naturen. SV vil vere ein pådrivar for dette, både ved å støtte eksisterande verneplanar og foreslå nye verneområde. Vi vil også ha eit lovverk som gjer det lettare å ta vare på by- og tettstednære natur- og friluftslivsområde fordi dei betyr så mykje for folks helse og trivsel.

Møre og Romsdal SV vil:

- Ta initiativ til felles opplegg for arealrekneskap, og stimulere alle kommunane i fylket til å ta det i bruk
- Ta initiativ til at kommunane kartlegg naturverdiar og lagar naturmangfaldsplanar
- Stimulere til auka interkommunalt samarbeid for å ta vare på verdfull natur og styre utbygging til «grå areal» og dei minst viktige naturområda
- Ta eit særleg ansvar for å ivareta villfisken, og sei nei til meir havbruk til miljøproblema er løyste
- Ta initiativ til kystsoneplanar og marine arealplaner for å ivareta naturkvaliteter i sjø-, kyst- og fjordområde, og sikre befolkninga tilgang til strandsona

- 337
- 338
- 339
- 340
- 341
- 342
- 343
- 344
- Foreslå «markagrenser» eller tilsvarende for varig avgrensing av viktige natur- og friluftslivsområde i/ ved byar og tettstadar
 - Foreslå vern av nye område i fylket med mål om at minst 30 % av naturen skal vernast
 - Stanse dispensasjonar frå kommunane til utbygging i strandsone og 100-metersbelte

UTTALE NR 10

Forslag til uttale frå Anna Håland Berget / Jordbruksnettverket

Er vi beredt for ei skikkelig krise?

Det sies at vi er 40 – 45 % selvforsynt med mat i Norge i dag. Mange har tatt til orde for at det er for lavt. Selvforsyningsgraden er svært sårbar ved tørke, flom, pandemi, krig eller uro i verdenshandelen. Matproduksjonen vil reduseres kraftig på kort sikt, hvis for eksempel kritisk infrastruktur som strøm, vann eller veger slutter å fungere.

Et moderne melkebruk er helt avhengig av kontinuerlig tilgang på strøm, vann, kraftfor og at tankbilen kan hente melk hver 3. dag. En melkerobot krever høy og stabil strømtilførsel og ei melkeku drikker opptil 100 liter vann om dagen. Tilgang på kunstgjødsel og diesel er viktig i et litt lengre tidsperspektiv. Dersom en eller flere av disse innsatsfaktorene forsvinner, reduseres matproduksjonen kraftig på kort sikt. Bonden kan ikke levere i noe nærheten av det samme volumet som før.

Dette er bekymringsfullt, først og fremst for de som ikke har kunnskap eller ressurser til å produsere sin egen mat.

I ei krise vil vi på lengre sikt kunne endre matvanene våre og utnytte matressursene våre bedre. Vi kan for eksempel kaste mindre mat, dyrke mer poteter og spise mer havre/bygg/rug. I et slikt scenario er det uansett viktig å ha bønder som kan produsere det som blir etterspurt. Det blir stadig færre bønder og lengre mellom hvert gardsbruk i drift. Forsyningslinjene er også sårbare. Det blir færre og færre meierier, slakterier og kornmottak rundt om i landet.

Det viktigste tiltaket er å ha nok bønder med kompetanse og utstyr til å fortsette å produsere mat i en krise. Den beste beredskapen er å ha gardsbruk i drift over hele landet og ha lokale bønder med kunnskap om hvilke muligheter som finnes i hvert område.

Det er god matberedskap å ha mange bønder på små og mellomstore bruk. Vi trenger mangfold i produksjonen, for å være rustet mot ekstremvær og smittsomme sykdommer hos dyr og planter. Det må lønne seg å ha ei sunn jordhelse med god drenering – også på de små og bratte jordstykkene.

Matberedskap er et offentlig ansvar, for nok mat til befolkningen er den viktigste kilden til fred og stabilitet i et samfunn.